



NYE VOLDA KOMMUNE

Helse- og omsorg

Prosjektnotat 1 Sektor Helse- og omsorg, 12.06.18

Organisering av ny helse- og omsorgssektor i Nye Volda

Delprosjekt	Organisering av helse- og omsorgstenestene i nye Volda kommune, samt innplassering i leiarfunksjonar i ny organisasjon
Prosjektansvarleg	Kommunalsjef helse- og omsorg: Svein Berg- Rusten
Tidsrom	August 2018 – april 2019
Involverte	Tilsette i dei ulike deltenestene Plass- og hovudtillitsvalde
Interne interessentar	Tilsette i alle deltenestene som etter rådmannen sin administrative organisasjonsmodell ligg til ny sektor helse- og omsorg
Eksterne interessentar	Organisasjonen Nye Volda

FORMÅL

I samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar, er det etablert ny hovudstruktur for administrativ organisering i den nye kommunen.

Tenesteytinga er delt inn i tre sektorar

- Helse og omsorg
- Oppvekst
- Samfunnsutvikling

Den politiske organiseringa underbygger og støttar denne organiseringa.

Den nye administrative strukturen er knytt til fire fokusområder for å møte framtida:

Strategisk utvikling Meistrar å takle dei aukande utfordringane innanfor dei ulike tenesteområda i åra framover	Meistringsklima Leiarar og dei tilsette opplever meistring, opplever felles ansvar for dei kollektive utfordringane og kan yte gode og effektive tenester
Handlekraftig Administrasjonen i den nye organisasjonen skal vere oversiktleg og ha tydelege og avklarte roller som gir rom for leiing og innovasjon	Samordning av det komplekse Brukarar og samarbeidspartnarar opplever at den nye organisasjonen utnyttar ressursar og kompetanse godt og gir samordna og gode tenester.

--	--

SEKTOR HELSE- OG OMSORG

Om ein samanliknar tenestestrukturen i Volda og Hornindal er det mange like trekk, men på eitt område er det ulikt med at Hornindal har hatt delt ansvar mellom helse og pleie- og omsorg. Med unntak av helsestasjon er alt lagt til helse- og omsorg i Volda. Volda kommune er vertskommune for Hamna Dagsenter og felles kommuneoverlege for Volda og Ørsta. Ørsta er vertskommune for NAV, som i ny organisering er lagt inn under helse- og omsorg.

Strategisk utvikling i sektor helse- og omsorg

Administrasjonen, leiarane og dei tilsette i sektoren er ein ressurs for å skape best mogleg forvaltning av kommunen sine ressursar som er gitt til helse- og omsorgsføremål. Ein skal forvalte denne ressursen for å skape dei tenestene som dei folkevalde gjennom lovgjeving og bevilgning har bestemt. Dette oppdraget skal sektoren ta på vegne av alle innbyggjarane i kommunen.

Leiarane må ha kjennskap til samfunnsutvikling og dei endringane som skjer innanfor fagfelta og kva moglegheiter ny teknologi gir. Tenesteytinga er i endring, leiarane må kunne ta langsiktige perspektiv og samstundes vere med å bygge kultur for samhandling og tenke løysingar på tvers av ulike fag og deltenester. Det er viktig å heile tida vurdere behov, både i stor samanheng knytt til kapasitet og organisering, men også som system knytt til utmåling av teneste på individnivå. Leiarnivået må vere komplementært knytt til alle dei tenesteområde som ligg til sektoren, men det må ikkje vere fleire enn at øvste leiarnivå vert eit dynamisk og samarbeidande team som kommunalsjef kan følgje individuelt tett.

Handlekraftig

Sektor helse- og omsorg må vere tydeleg og oversiktleg. Gjennom tillit skal dei tilsette ha handlingsrom. Dette skal følgjast opp med tydeleg forventnings- og rolleavklaring gjennom delegeringsfullmakter. Det skal ligge føre stillingsomtalar for alle funksjonar i sektoren, tydelege mål og oppfølging av resultat må følgje ein tenestestruktur i sektoren.

Framtida vil bere preg av endring. Det inneber at sektoren kontinuerlig må vurderast for å møte desse endringane, noko som vil krevje både dynamikk og fleksibilitet. Ein må vere budd på å gå utanom tryggleikssona, og våge også der ein ikkje ser løysinga på førehand.

Utviklinga av velferdsteknologi er døme på slik endring. Å tenke andre løysingar enn den praksis ein har hatt før, vil i større grad bli kvardagen framover. Mange tilsette vil trenge støtte og vegleing knytt til denne utviklinga.

Det vil vere knytt forventning til uttak av gevinst i alt endringsarbeid, anten i form av betre tenester eller rasjonalisering.

Korleis vi leverer vil ha verknad på korleis vi vert oppfatta av andre, med andre ord kva omdøme vi vil få. Det vil vere viktig å kommunisere ut kva tenester ein kan forvente å få og det er viktig å skape det gode møtet mellom tenesteytar og tenestemottakar.

Meistringsklima

Sektor helse- og omsorg bør byggast opp slik at mynde kan delegerast utover i organisasjonen, gjennom tydelege delegeringsfullmakter og rolleavklaringar.

Den tilsette skal få bruke sine ressursar, slik at organisasjonen som heilskap frigjer energi. Utfordringar bør finne si løysing på lågast operative nivå nær brukaren.

Organisasjonen bør setjast saman slik at ein får gode kompetansemiljø for tenesteområde som naturleg bør vere i lag for å yte gode og samanhengande tenester. Vidare bør desse einingane ikkje vere større enn at leiaren kan følgje opp og gi støtte til dei tilsette. Organisasjonen skal ha tydelege ansvarsliner, der tilsette skal oppleve forventningar, ivaretaking og utfordringar frå sin leiar.

Gjennom mynde og tillit skal tilsette ha stort handlingsrom. Det skal vere grobotn for innovasjon og nytenking med utspring frå behov/problemstillingar, og gode idear skal premierast.

Ein må dyrke fram samhandling på tvers av tenesteområder og mellom fagmiljøa i Volda og på Grodås. Det er viktig for å skape likskap på utmåling av tenester, samt ynskje om optimal utnytting av den komplementære kompetansen sektoren har.

All aktivitet i sektoren skal vere behovstyrt.

Samordning av det komplekse

Sektor helse- og omsorg er kompleks med eit vidt spenn av tenester og mange ulike profesjonar. Dette skal samordnast innan ein sektor med ei politisk og administrativ styringsline basert på tillit og full offentlegheit. Det er behov for ein struktur som gjer det lett å få til god kommunikasjon og samordning på tvers i sektoren.

Samordning av tenester er ei generell problemstilling i kommunane, og har mellom anna sin bakgrunn i manglande samordna overordna styringssignal i den sektoriserde staten. Dette må sektor helse- og omsorg kompensere for i si organisering. Det er særleg brukarar med samansette behov, som er avhengig av ulike tenester, at samordningsutfordringane er særleg store. Det gjeld utsette born og unge og deira familiar. Det involverer samarbeid mellom helsestasjon/skulehelseteneste, barnehage, grunnskule, psykisk helseteneste, PPT, tenestetildeling, koordinerande eining, avlastingsteneste, barnevern m.fl.. I tillegg kjem ei rekke eksterne samarbeidspartnarar. Det er også behov for betre kjennskap, samordning og utnytting av ulike kvalifiserings- og sysselsettingstilbod i kommunen.

Det er behov for å finne gode og tenlege måtar å organisere tverrfaglege utviklings- og innovasjonsprosessar. Ein må vere budd på større og raskare endringar som føreset rom for endringsleiing. Digitalisering av tenester og arbeidsoppgåver er kanskje det området som vil medføre dei største endringane.

PROSJEKTFASAR

Ny administrativ organisering av sektor helse- og omsorg bør vere på plass april 2019. Då bør ny struktur vere klar og leiarar i den nye organisasjonen bør vere rekruttert inn i god tid før sommaren 2019.

Juni 2018 HTV i Volda og Hornindal vel medlemmer til ressursgruppa. Anbud på ekstern analyse av kvalitet, behov og tilbud i helse- og omsorgstenester i dei to kommunane i notid og framtid. Agenda Kaupang er valt som leverandør. Oppstart kartlegging veke 26.

August 2018 Ressursgruppa samlast første gang 30.08.2018. Gjennomgang prosessnotat og førebuing til septembermøte.



September 2018 Samling med alle leiarar, kommuneoverlege, HTV frå NSF, Fagforbund, FO, Delta og HVO. SWOT analyse.

Oktober 2018 Ekstern analyse vert lagt fram 10.10.2018. Gjennomgang av rapport og vurdering/ strategi i ressursgruppa. Ressursgruppa planlegg samling i nov/des.

Nov/ des 2018 Samling med breiare deltaking enn septembermøtet, jobbar vidare med funn frå kartlegging og innspel frå analysa i septembermøtet.

Februar 2019 Administrativ struktur vert valt

Mars 2019 Utarbeide stillingsinstruksar og delegeringsfullmakter.

April 2019 Rekruttering og innplassering i den nye strukturen.

Frå Mai 2019 Leiarar i ny struktur startar førebuing på framtidig organisering/ drift av ansvarsområde.

Frå September 2019 Prosess med omsorgsplan (inkl. rehabiliteringsplan, smittevernplan, demensplan).

April 2020 Plan(ar?) lagt fram for politisk handsaming

Volda, 14.06.2018

Svein Berg- Rusten
Kommunalsjef helse- og omsorg i NYE Volda